



## Reguleringsplan for Vågsli – Fylkesgrensa

---

Reguleringsføresegner

Detaljregulering jf. plan- og bygningslova (pbl) § 12-7

PlanID 0834 20160004

### 1. Siktemålet med planen

---

Reguleringsplanen er ein av i alt fire reguleringsplanar som skal legge til rette for bygging av ny E134 på strekninga Vågsli – Seljestad. Hovudsiktemålet er å leggje til rette for utbygging av ny stamveg over høgfjellet med høgare vegstandard og betre vinterregularitet og at 1880-vegen skal kunne setjast i stand. Reguleringsplanen skal sikre naudsynt areal til gjennomføring av utbygginga. Det inneber at det også vert regulert sideareal for anleggsgjennomføring og område for handtering av overskotsmassar frå nye tunnelar på strekninga. På strekninga Løyningstroi – Peparsteinen skal det kunne etablerast samanhengande, kulturhistorisk turveg gjennom heile planområdet i tråd med plan for tiltak på kulturmiljø og kulturminner i samsvar med denne reguleringsplanen.

Utfyllande opplysingar går fram av planomtalen datert 20.03.2018.

### 2. Fellesføresegner for heile planområdet

---

#### 2.1 Terreng handsaming

Alle terrenginngrep skal skje på ein mest mogleg skånsam måte i høve til omgjevnadene. Eksisterande vegetasjon skal takast vare på så langt råd er. Vegskjeringar og fyllingar skal revegeterast med stadeigen vegetasjon og massar. Det øvste jordlaget på 30 cm som vert teke bort i linja, skal handterast for seg. Jorda skal nyttast på flater som skal revegeterast og plantast til innanfor veganlegget. Terrenghandsaming skal gjerast ferdig innan 1 år etter vegopning på ny E134. O- teikningar datert 20.03.2018 er rettleiande for arbeidet.

#### 2.2 Automatisk freda kulturminne

Dersom det vert oppdaga funn, gjenstandar eller konstruksjonar i samband med gravearbeid skal arbeidet stansast omgåande og rett kulturminnemynde varslast, jf lov om kulturminner § 8, 2. ledd.

#### 2.3 Byggjegranser langs offentleg veg

Der byggjegranser ikkje er vist, gjeld veglova sine føresegner om byggjegranser mot veg.

## 2.4 Krav om byggjeplan

Før utbygging av veganlegget kan starte opp skal det liggje føre byggjeplanar med utgangspunkt i teknisk plan datert 20.03.2018 og i samsvar med Statens vegvesen sine handbøker.

## 2.5 Plan for Ytre Miljø

Plan for ytre miljø skal YM-planen skal liggje føre saman med byggjeplanane for veganlegget. Tiltakshavar skal sørge for at tiltak som er skildra i plan for ytre miljø (YM-plan) vert innarbeidd i kontrakt med entreprenør for utbygginga, og at YM-planen vert oppdatert ved behov. YM-plan skal godkjennast av Statens vegvesen før anleggsstart.

## 2.6 Rigg og marksikringsplan

Tiltakshavar skal sørge for at det ligg føre ein rigg- og marksikringsplan som gjev føringar for gjennomføring av anleggsarbeidet. Rigg og marksikringsplan skal godkjennast av Statens vegvesen før anleggsstart. Rigg- og marksikringsplanen skal bl.a. gje føringar for følgjande tilhøve:

- Inngrepsgrenser rundt kulturminne, område og ferdselsårer for friluftsliv.
- Massehandtering, inkludert handtering og lagring av jordmassar som skal nyttast til revegetering i anlegget.
- Tiltak for å minimere risiko for spreiding av framande artar.
- Inngrepsgrensa for anleggsarbeidet skal fastsettast i rigg- og marksikringsplanen og merkast fysisk med alpingjerde i anleggsfasen.

## 2.7 Vern mot ureining

Det skal leggjast vekt på at ureina vatn, partikkelureining ikkje vert slept ut i bekker og vatn. Byggjeplanen skal omtale løysning for handtering av ureining i anleggsfase og driftsfase. Eventuelle ureina massar skal leverast til godkjend mottak.

## 2.8 Overvassplan

Rammeplan for overvatn og overvåkingsprogram skal liggja ved byggjeplan for veganlegget. Rammeplanen skal godkjennast av kommunen. Sedimenteringsbasseng til tunnelane skal også inngå i rammeplanen.

## 2.9 Inngrep i eksisterande høgspenninglinje

Trong for varig og/eller midlertidig omlegging av høgspenningsanlegg skal kartleggast i samband med utarbeiding av byggjeplan. Eventuelle planar for omlegging skal utarbeidast i samarbeid med linjeeigar.

# 3 Føresegner til arealformål

---

## 3.1 Bygningar og anlegg (§12-5 nr.1)

### 3.1.1 Fritids- og turistformål (BFT)

Område til fritids og turistformål er område til Stavanger og omland si turistforeiningshytte Haukeliseter turisthytte. Eksisterande bygg inngår i reguleringsplanen.

### 3.1.2 Andre særskilt gjevne bygningar og anlegg – Deponi (BAS)

- a. Området BAS1 er område til massedeponi Vêrstasjonen, mellom Haukelisæter hall og Grothol.
- b. Området skal opparbeidast og gjevast ei utforming i samsvar med O-teikning for deponiet, O002 datert 20.03.2018. Det kan maksimalt tillatast varig deponering av inntil 230 000 m<sup>3</sup> massar.
- c. Før massar kan deponerast i områda skal eksisterande jordmassar rankast og takast vare på for å kunne nyttast til revegetering av massedeponia ved ferdigstilling av anlegg. Rankar med eksisterande vegetasjon skal etablerast i tråd med plan for revegetering vist i O-teikning O009 datert 20.03.2018.
- d. Vurdering av stabilitet og oppfylling skal skje i samråd med geoteknisk sakkynndig.
- e. Mellomlagring av massar som skal tilbake til veganlegget eller til anna deponi eller formål, kan mellombels lagrast innanfor området.
- f. Det skal ikkje deponerast inerte / forureina massar frå tunnelar i deponia på Vêrstasjonen.

## 3.2 Samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur (§ 12-5 nr. 2)

### 3.2.1 Fellesføresegn for samferdselsanlegg og teknisk infrastruktur

- a. Anlegga skal utførast som vist i planteikning og i tekniske teikningar datert 20.03.2018. Mindre avvik mellom underformål kan tillatast innanfor arealformålet.
- b. Innanfor arealformålet kan det etablerast konstruksjonar og nødvendige tekniske anlegg og installasjonar, etter gjeldande tekniske krav. Alle anlegg skal ferdigstillast samtidig med E134.
- c. Plassering av avkøyrslar vist med pil på plankartet er rettleiande, men talet på avkøyrslar og kva veg eigedomane skal ha avkøyrslar frå er bindande. Avkøyrslar skal oppfylle krav til sikt og andre krav til utforming gjeve av vegstyresmakt.

### 3.2.3 Samferdselsanlegg (S1 og S2)

- a. Område o\_S1 er nytt område til ny vêrstasjon ved Haukelisæter hall. Området kan opparbeidast når massedeponering i område BAS2 er ferdigstilt. Område til ny vêrstasjonen skal ha tilkomst frå eksisterande E134, vist med pil i plankartet.
- b. Område o\_S2 er eksisterande trafikkstasjon/brøytestasjon ved Haukeliseter. Eksisterande bygg er bandlagt etter lov om kulturminner, jf. pkt. 4.5.

### 3.2.4 Veg (SV)

- a. Område o\_SV1 er dagens E134 frå 1960. Vegen skal kunne nyttast som turveg for mjuke trafikantar og som køyrbar turistveg i sommarhalvåret. Vegen skal også kunne nyttast som omkøyringsveg ved tunnelvedlikehald. Deler av eksisterande E134 vil framleis vera tilkomstveg for hytter som har tilkomst frå vegen. Strekninga frå Vågslitunnel til ny veg o\_SV4 ved Haukeliseter hall skal kunne nyttast som omkøyringsveg ved tunnelvedlikehald på Kjelatunnelen. Strekninga frå Haukeliseter turisthytte til Ulevåvatn ved tunnelvedlikehald på Haukelisetertunnelen.
- b. Område SV2 er eksisterande privat tilkomstveg til Løyningsroi.
- c. Område f\_SV3 er felles tilkomstveg til stølsområde på Finnebu med ny avkøyrslar frå ny E134 SKV1. Vegen skal kunne nyttast som tilkomstveg til massedeponi LAA.
- d. Område o\_SV4 er ny offentleg veg frå ny E134 (o\_SKV1) til eksisterande E134 (o\_SV1). Vegen o\_SV4 skal sikre tilkomst til Haukelisæter hall og veg til båtslipp ved Kjelavatnet (f\_SV5).

- e. Område f\_SV5 er ny felles tilkomst til eksisterende veg til båtslipp ved Kjelavatnet. Vegen f\_SV5 skal opparbeidast med kryssing i kulvert under ny E134 (o\_SKV1). Vegen er ein sommarveg.
- f. Område o\_SV6 er offentlig tilkomstveg til veg-/brøytestasjon ved Haukeliseter med ny avkøyrsla frå ny E134 (o\_SKV1).
- g. Område f\_SV7 er ny felles tilkomstveg til område for ny hytte til RødeKors. Vegen f\_SV7 skal ha avkøyrsla frå vegen til brøytestasjonen, o\_SV6.
- h. Område f\_SV8 er felles tilkomstveg til demning ved Ståvatn og hytter med tilkomst frå eksisterende veg. Vegen f\_SV8 skal ha avkøyrsla frå o\_SV9.
- i. Område o\_SV9 er offentlig tilkomstveg til Haukeliseter turisthytte. Det skal i enden av o\_SV9 opparbeidast snusløyfe for buss.
- j. Område o\_SV10 er ny offentlig tilkomstveg frå eksisterende E134 (o\_SV1) over vestre tunnelportal på Haukelisetertunnelen til eksisterende veg til geitestøl ved Ulevå.
- k. Område o\_SV11 er eksisterende offentlig tilkomstveg frå o\_SV10 til geitestøl ved Ulevå.

### 3.2.5 Køyreveg (SKV)

Område o\_SKV1 er areal regulert til ny E134 i vertikalnivå 1 – tunnel, vertikalnivå 2 på bakken og vertikalnivå 3 –i bru.

### 3.2.6 Gang- og sykkelveg (SGS.)

Område o\_SGS1 er del av eksisterende E134 som skal tilretteleggjast for bruk som gang- og sykkelveg i sommarhalvåret.

### 3.2.7 Annan veggrunn – teknisk anlegg (SVT)

- a. Område o\_SVT1 langs ny E134 skal opparbeidast til fresefelt. Areal skal ferdigstillast utan fast dekke. Langs fresefelt kan det setjast opp vegrekkverk og nødvendig veglys.
- b. Område o\_SVT2 er areal til tunnelportalkonstruksjon for Kjelatunnelen og Haukelisetertunnelen. Forprosjekt på konstruksjon skal leggjast til grunn for bygd konstruksjon.

### 3.2.8 Annan veggrunn - grøntareal (SVG)

- a. Område o\_SVG1 er anna veggrunn lang ny E134 (o\_SKV1) til fylling og skjering. Arealet skal ved ferdigstilling av veganlegget såast til med ranka jord innan eitt år etter vegopning av ny E134.
- b. Område o\_SVG2 er sideareal til eksisterende vegar (SV og SKF). Ved utbetring av vegane kan arealet nyttast i anleggsfasen og skal ferdigstillast saman med tiltak på veg.
- c. Område o\_SVG3 er areal langs ny veg der det skal byggjast skredvoll for å sikre ny E134 mot snøskred. Innanfor området skal merka DNT-tursti leggjast om slik at den vert liggjande på austsida av skredvoll.  
Utforming av skredvoll skal vera del av byggeplan for ny E134.
- d. Område o\_SVG4 er anna veggrunn mellom ny E134 (o\_SKV1) og dagens E134 (o\_SV1). Innanfor området skal bekk på strekninga mellom kryssing av vegane leggjast i grøft mellom dagens og ny veg i ope plastra bekkeløp.

### 3.2.9 Tekniske bygningar/konstruksjonar (STB)

- a. Områda o\_STB1 – o\_STB2 er areal til tekniske bygg for Kjelatunnelen, lokalisert ved tunnelmunningane.

- b. Områda o\_STB3 – o\_STB4 er areal til teknisk bygg for Haukelisetertunnelen, lokalisert ved tunnelmunningane.
- c. Område o\_STB5 er område til toalett i Kjelatunnelen, område o\_STB6 er område til toalett i Haukelisetertunnelen. Toaletta skal plasserast ved snunisje mot vestre tunnelportal i Kjelatunnelen og i Haukelisetertunnelen. Det skal byggjast 2 HC-toalett med tilhøyrande tank til vatn og tett tank til slamavskiljar for toaletta. Toaletta skal kunne nyttast ved kolonnetrafikk.

### *3.2.10 Rasteplass (SR)*

Område o\_SR er eksisterande rasteplass langs dagens E134. Rasteplassen skal oppretthaldast som rasteplass sommarhalvåret, og for sommartrafikk langs dagens E134, o\_SV1.

### *3.2.11 Parkeringsplassar (SPP)*

Område o\_SPP1 er ny parkeringsplass langs eks E134 ved Ståvatn. Parkeringsplassen skal opparbeidast som ein heilårs offentleg utfartsparkering for friluftsliv. Parkeringsplassen legg til rette for at friluftsferdslø i fjellområda kan skje ved at ein nyttar ny veg over Haukelisetertunnelen og ikkje kryssar ny E134 i plan.

### *3.2.12 Kombinerte formål for samferdselsanlegg og/eller tekniske infrastrukturtrasear (SKF)*

Området (o\_SKF) er del av 1880 –vegen, veglina bygd før Vågslitunnelen. Veggen skal oppretthaldast som sommarveg og kunne nyttast som sykkelveg i sommarhalvåret. Vedlikehald og utbetring av veggen skal skje i samsvar med kulturminnevernet, jf. pkt. 4.5.

## **3.3 Grønstruktur (§12-5, nr. 3)**

### *3.3.1 Turveg (GT)*

- a. Område o\_GT1 er del av gamle Haukeliveg aust for Haukeli hall. Turvegen skal koplast til eksisterande E134 o\_SV1.
- b. Område o\_GT2 er del av gamle Haukeliveg aust for Haukeliseter turisthytte. Turvegen skal koplast til veggen f\_SV8
- c. Område o\_GT3 er del av gamle Haukeliveg som ligg over Ståvatn. Delar av traseen skal reetablerast langs strandlina med fylling i vatn. jf omsynssone H570\_6. Turvegen skal gå frå turisthytta og til rasteplass ved Fentedokki
- d. Område o\_GT4 er del av den gamle Haukelivegen ved Fentedokki. Turvegen skal koplast til eksisterande E134 område o\_SV1.
- e. Område o\_GT5 er turveg frå geitestølen ved Ulevå som skal opparbeidast som tur og sykkelsti fram til Fylkesgrensa. Veggen vert vidareført i tilgrensande reguleringsplan. Tiltaksplan for turvegen skal utarbeidast for heile strekninga, både del i Vinje og i Odda kommune.
- f. Turvegane o\_GT1 – o\_GT5 skal vera del av turveg over Haukelifjell som kan nyttast for gåande og syklande i sommarhalvåret.
- g. Det kan plasserast grinder over vegtraséen i beitetida. Grindene skal setjast opp slik at dei ikkje skadar vegminnet. Grindene skal kunna opnast for ferdsel langs turveg.

### 3.4 Landbruks-, natur- og friluftformål og reindriftsformål (§ 12-5 nr. 5)

- a. Det skal ved nødvendig omlegging av bekker leggjast vekt på god terrengepassing og at nylagde bekkeløp er opne fram til kryssing av vegar.
- b. I område for landbruks- natur- og friluftformål skal føresegrer i kommuneplanens arealdel gjelde der ikkje anna er gitt i detaljerte føresegrer.
- c. Område som vert nytta til midlertidig anlegg- og riggområde jf. pkt. 6.2 skal tilbakeførast ved anleggslutt.

#### 3.4.1 LNFR areal for nødvendige tiltak for landbruk og reindrift og gardstilknytt næringsverksemd basert å ressursgrunnlaget på garden (L)

- a. Område regulert til LNFR sikrar dagens bruk av areala.
- b. Eksisterande bygg i området som inngår i planen, er vist i reguleringsplankartet.
- c. Røde Kors si hytte på gnr. 99, bnr., 2 skal rivast for å sikre framkomst og vedlikehald ny E134 (o\_SKV1).

#### 3.4.2 LNFR areal for spreidd fritidsbusetnad (LSF)

Innanfor området kan det byggjast ny hytte til Røde Kors med ein minste avstand på 40 meter frå senter ny E134. Vist ny hytte er retningsgjevande for plassering.

#### 3.4.3 Vern av kulturmiljø eller kulturminne (LKM)

- a. Innanfor områda skal det ikkje gjerast tiltak som forringer spor og vegstubbar frå den gamle Haukelivegen frå 1880. Tiltak i områda skal avklarast med kulturfagleg kompetane.
- b. Det skal ikkje tillatast bruk eller tiltak i form av inngrep eller endringar som fjernar, skader eller forringer kulturminna.
- c. Områda LKM1 viser vegstubbar frå den gamle Haukelivegen som skal takast vare på som historieforteljande element om dei ulike vegane over Haukeli for ettertida.
- d. Område LKM2 skal sikre at spor av vegstubbar frå den gamle Haukelivegen som ligg neddemt kan liggje urørt.
- e. Område LKM3 er areal på land som skal sikre at spor etter den gamle Haukelivegen, vegstubbar som er neddemt kan liggje urørt.

#### 3.4.4 Massedeponi - Kombinert formål LNFR og bygg og anlegg, LAA

- a. I området kan det tillatast permanent lagring og transport av overskotsmassar frå E134 parsell Vågsli - Røldal. Regulering som deponiområde vert oppheva når veganlegget er ferdig, og seinast eitt år etter at E134 Vågsli - Røldal er opna for trafikk. Formålet kan fjernast frå plankartet administrativt etter at anleggsperioden er over.
- b. Før massar kan deponerast i området skal eksisterande jordmassar rankast og takast vare på for å kunne nyttast til revegetering av massedeponia ved ferdigstilling av anlegg. Rankar med eksisterande vegetasjon skal etablerast i tråd med plan for revegetering vist i O-teikning O008, datert 20.03.2018.
- c. Det kan maksimalt tillatast varig deponering av inntil 520 000 m<sup>3</sup> massar.
- d. Vurdering av stabilitet og oppfylling skal skje i samråd med geoteknisk sakkynndig.
- g. Deponiet skal sikrast mot skadeleg avrenning av forureina vatn til Kjelaåi. Notat «Tunnelvatn, og deponering av tunnelmassar», datert 20.03.2018, er rettleiande for arbeidet. Det skal ikkje deponerast inerte / forureina massar frå tunnelar i deponia på Finnebu.

- e. Deponiområdet skal tilbakeførast til utmarksterreng og revegeterast med stadeigen vegetasjon. Deponering av massar skal avsluttast med eit øvre lag med eigna tjukne og massar for reetablering av vegetasjonsdekke i området. Landskapsplan / O-teikning O001 datert 20.03.2018 er rettleiande for avslutting av deponiet.
- f. Mellomlagring av massar som skal tilbake til veganlegget eller til anna deponi eller formål, kan mellombels lagrast innanfor området.

### **3.5 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (§ 12-5 nr. 6)**

#### *3.5.1 Bruk og vern av sjø og vassdrag med tilhøyrande strandsone (V)*

Bevarde spor etter den gamle Haukelivegen skal ivaretakast. Det vert ikkje tillate med bruk eller tiltak i form av inngrep eller utfylling som skader eller forringer kulturminnet.

#### *3.5.2 Naturområde (VN)*

Områda er eksisterande bekker og eller tjern samt vatn som ikkje skal skadast ved utbygging av ny E134.

#### *3.5.3 Kombinerte formål i sjø og vassdrag med eller utan tilhøyrande strandsone – Fylling i vatn (VKA)*

Innanfor område VKA1 kan det fyllast i vatn for ny veg og eller for reetablering av eldre vegfar.

Der det vert lagt fylling ut i vatn skal det gjerast tiltak som sikrar at slam/ finstoff ikkje kjem uti vassmassane utover området heilt nær fyllinga.

## **4 Føresegner til omsynssoner (§ 12-6)**

---

### **4.1 Frisikt (§ 11-8 a) (sone H140)**

Innanfor sone for frisikt skal vera fri sikt 0,5 meter over tilstøytande vegar sitt plan, jf. veglova..

### **4.2 Andre sikringssoner (sone H190)**

Sikringssona er byggjeforbodssone rundt tunnel. Innanfor sikringssona kan det ikkje setjast i verk tiltak som kan skade tunnelen eller tunnelinnreiinga (til dømes sprenging eller boring i grunnen) utan særleg løyve frå Statens vegvesen. Tiltak er berre tillate dersom det kan dokumenterast at tiltaket ikkje får uheldige konsekvensar for tunnelane innanfor regulert sikringssone på og under terreng.

### **4.3 Faresone, høgspenningsanlegg (sone H370)**

Høgspenningsanlegg gjeld høgspenst luftlinje som går langs deler av planområdet. Tiltak innanfor formålet skal godkjennast av linjeeigar. Eventuelle behov for omlegging av høgspenningsanlegg må handterast i samband med byggeplan.

### **4.4 Bevaring kulturmiljø (sone H570)**

- a. Kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på som historieforteljande element om ferdsel over Haukeli. Til alle tiltak på kulturmiljøa skal det føreliggja ein plan som viser kva som skal gjerast og

korleis kulturminneinteressene er tenkt ivaretatt. Planen skal utarbeidast av kulturminnefagleg kompetent personell i samråde med kulturminne myndigheitene og vegeigar.

- b. Område H570\_1 er statleg listeført anleggsbrakke ved Løyningsroi.
- c. Område H570\_2 er del av gamle Haukeliveg ved Fentedokki.
- d. Område H570\_3 er del av gamle Haukeliveg frå aust som går til Haukeliseter turisthytte.
- e. Område H570\_4 er verneverdig koie for reisande som ligg ved Haukeliseter turisthytte, koia er opphaveleg frå Ulevå.
- f. Område H570\_5 er verneverdig anleggsbrakke som ligg ved Haukeliseter turisthytte, brakka er flytta frå Tyrveli.
- g. Område H570\_6 er del av gamle Haukeliveg frå Haukeliseter turisthytte. Vegen ligg langs Ståvatn og deler av vegen ligg under vatn.
- h. Område H570\_7 er del av den gamle Haukelivegen ved Fentedokki.

#### 4.5 Bandlegging etter lov om kulturminne (sone H730)

- a. Areal er freda ved vedtak etter kulturminnelova §22a og skal forvaltast etter bestemmelsane i fredingsvedtaket og kulturminnelova. Før det vert gjeve løyve til tiltak som omfattar den gamle Haukelivegen med tilhøyrande buffersone og vegrelatert kulturminne, skal det føreligge ein plan som viser kva som skal gjerast og korleis kulturminneinteressene er tenkt ivareteke. Planen skal utarbeidast av kulturminnefagleg kompetent personell i samråd med kulturminnemynde og vegeigar.
- b. Område H730\_1 er vedtaksfreda del av den gamle Haukelivegen som går frå Vågsli og til Steinvollen.
- c. Område H730\_2 er vedtaksfreda brøytestasjon ved Haukeliseter Turisthytte.

## 5 Føresegner til føresegnområde (§ 12-7)

---

### 5.1 Anlegg- og riggområde (91)

- a. I samband med opparbeiding av ny veg med tilhøyrande tilkomstvegar og sideanlegg, kan områda nyttast som anleggsområde så lenge anleggsarbeida er i gang.
- b. I anleggsperioden skal områda til ei kvar tid vere forsvarleg sikra, og ikkje føre til fare for friluftsbukarar og dyr som ferdast i nærområda.
- c. Etter avslutta anleggsperiode, og seinast eit år etter at vegen er opna, skal områda gjevast arealbruk i samsvar med arealformål i plankartet og føresegner. Områda skal setjast i stand i samsvar med arealformålet, eventuelt tilbakeførast til slik dei var før inngrepet eller i samsvar med avtale med grunneigar, avhengig av kva funksjon areala skal ha.
- d. Formålet kan fjernast frå plankartet administrativt etter at anleggsperioden er over.

## 6 Dokument som får juridisk verknad gjennom tilvising i føresegnene

---

### 6.1 Rettleiande

- a. Tekniske planar (B-, C-, D-, F- teikningar), datert 20.03.2018
- b. Landskapsplanar teikning O001, O002, O003, O008, O009, datert 20.03.2018